

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek å gjennomføre ei stegvis utbygging av ny vassforsyning for Gursken/Gjerdsvika slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018 og elles godkjenning frå Mattilsynet 20 feb 2018.

Kostnaden med utbygginga (etappe 1) på ca kr 5 820 000,- jfr vedlagt kostnadsoverslag vert å finansiere over prosjektnummer 61 409 Vassplanen.

Tidlegare Kst sak 2017/296 Oppgradering av Gjerdsvika VBA vert dermed ikkje å gjennomføre.

Teknisk sektor får tilført ein stillingsressurs på 100 % stilling i utbyggingsperioden på 3 år
Kostnaden med stillingsressursen vert å finansiere over investeringa – prosjektnummer 61 409 vassplanen.

Utgreiing av forhold knytt til ev. innføring av tvungen tilkopling vert å legge fram for kommunestyret i eiga sak. Herunder vurderingar i høve framdrift, økonomi, retningslinjer m.m.

Endeleg val av framtidig vasskilde fir Gursken/Gjerdsvika vert å arbeide vidare med slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018